



Hjelmås VVS  
Leknesvegen 183  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2710 - 16/11790

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
09.06.2016

## Godkjenning - utslepp til minireinseanlegg for ein fritidsbustad gbnr 45/91 på Vikebø

**Administrativt vedtak. Saknr: 194/2016**

**Tiltakshavar:** Leif Atle Træland  
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås VVS  
**Søknadstype:** Utslepp frå ein fritidsbustad til minireinseanlegg

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført 08.04.2016, og supplerande dokumentasjon journalført 06.06.2016, søkt om utslepp, 5 pe, til minireinseanlegg for ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 45/91 på Vikebø. I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Reinsa utslepp skal først til grøft/terreng på naboeigedom. Det ligg føre erklæring frå eigar av gbnr 45/8 som gjev eigedomen gbnr 45/91 rett til dette.

Eigedomen har i dag utslepp med slamavskiljar.

### Nabovarsling:

Utsleppet var nabovarsla 05.06.2016 i samsvar med pbl § 21-3 og naboar har samtykka til tiltaket. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

### **Vurdering:**

#### Planstatus

Eigedomen er i kommuneplanen for Meland definert som LNF-spreidd fritidsbustad og omsøkt tiltak krev ikkje dispensasjon.

#### Plassering:

Anlegget skal plasserast som vist på situasjonskart, journalført 08.04.2016.

#### Erklæring om ansvarsrett:

Der er erklært ansvarsrett frå føretaket Hjelmås VVS.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløysing som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utsleppsløysing frå fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 45/91, i samsvar med søknad journalført 08.04.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 06.06.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg med etterpolering der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl § 23-3

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

### Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Leif Atle Træland

Flaktveitsvingane 5135  
68

FLAKTVEIT

**Mottakere:**

Hjelmås VVS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS